



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Varmestova, Reset - Volda skisenter
Dato: 26.04.2018
Tid: 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenter
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Magnar Sunde	Medlem	AP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Edvin Dale	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknes	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Åshild Vik, møtte kl. 15.30	Medlem	SV

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenter
Hild Våge	Medlem	AP
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Margrete Trovåg	Medlem	AP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenter
Anne Lise Fredly	Hild Våge	AP
Eivind Olav Indresøvd	Margrete Trovåg	AP



VOLDA KOMMUNE

Inger Tove B. Simonnes	Erlend Krumsvik	KRF
Kari Aslaug Hasle, 14.00-15.30		SV

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Per Heltne	Planleggar PS 46/18
Regine Solberg Aklestad	Planleggar PS 48/18
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef PS 49/18 og 50/18
Rune Totland	Teknisk sjef PS 51/18, 52/18 og 53/18

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 43/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 44/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 46/18	PlanID 2016010 - Plan for Studentbustader på Langvatn/Heltne - Gbr 20/334 Slutthandsaming av plan, jf. PBL §12-12
PS 48/18	Bygningsmiljø og estetisk rettleiar – vedtak
OS 27/18	Bygdepride Ørsta/Volda
PS 49/18	Flytting av ungdomssteget ved Austefjord skule
PS 50/18	Mork skule - innbyggjarforslag om å rive gamleskulen
PS 51/18	Utbygging av breiband i Volda kommune
PS 52/18	Nytt reinseanlegg Volda sentrum og Mork/Egset
PS 53/18	Tilleggsøyving til Avbøtande tiltak i Raudemyrvegen i Høve utbygging av Håmyra bustadfelt.
PS 54/18	Utbyggingsavtale for Strand bustadfelt - Fjordbygg AS



VOLDA KOMMUNE

- PS 55/18 **Hasleveggen 3 - kjøp av eidegom**
- PS 56/18 **Overføring av investeringar frå 2017 til 2018**
- PS 57/18 **Startlån 2018 - opptak av lån**
- PS 58/18 **Årsmelding og skatterekneskap for 2017**
- PS 59/18 **Årsmelding for kontrollutvalet for 2017**
- PS 60/18 **Rapportering på oppfølging av vedtak pr. 31.03.2018**
- PS 61/18 **Sunnmøre Kulturnæringshage - Tilskot til etablering av Smia utvikling.**
- PS 62/18 **Fride Sortehaug - fritak frå politiske verv**
- PS 66/18 **Val av nye medlemmer i Fride Sortehaug sine verv i nemnder og utval**
- FO 5/18 **Interpellasjon: Boikott av varer og tenester produsert i okkuperte område**
- FO 6/18 **Interpellasjon - Hurtiglødestasjon i Volda sentrum**
- PS 65/18 **Val av to meddommerar Frostating lagmannsrett**
- PS 63/18 **Orienteringssaker**
- OS 22/18 **Faktaanalyse 2018 status, utfordringar, tiltaksplan på busetjings- og integreringsfeltet i Volda kommune**
- OS 23/18 **Møteprotokoll frå felles kontrollutvalsmøte med kontrollutvalet i Hornindal 12.03.2018**
- OS 24/18 **Møteprotokoll kontrollutvalsmøte 31.01.2018 - Utskrift til kommunestyret**
- OS 25/18 **Møteprotokoll kontrollutvalsmøte 12.03.2018**
- OS 26/18 **Sunnmøre regionråd - referat frå nettverksmøte i Folkevaltnettverket 04.04.18**
- PS 64/18 **Delegerte saker frå avdelingane**
- DS 59/18 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 2/5
- DS 60/18 Løyve til tiltak, garasje Gbr 10/26
- DS 61/18 Løyve til tiltak, kontorbygg Gbr 11/72
- DS 62/18 Løyve til endring Gbr 11/7



VOLDA KOMMUNE

DS 63/18	Løyve til tiltak, carport Gbr 11/72
DS 64/18	Løyve til endring Gbr 12/59
DS 65/18	Igangsettingsløyve, innreiing Gbr 12/43
DS 66/18	Igangsettingsløyve, nytt bygg Gbr 12/59
DS 67/18	Løyve til tiltak, påbygg Gbr 13/46
DS 68/18	Mellombels bruksløyve Gbr 17/180/0/12
DS 69/18	Ferdigattest, bustad og garasje Gbr 17/179
DS 70/18	Ferdigattest, ombygging Gbr 18/91
DS 71/18	Mellombels bruksløyve Gbr 27/146
DS 72/18	Løyve til tiltak, turveg Gbr 30/16
DS 73/18	Ferdigattest Gbr 30/421
DS 74/18	Løyve til tiltak, påbygg Gbr 51/1
DS 75/18	Ferdigattest, anneks til hytte Gbr 79/19
DS 76/18	Løyve til tiltak, reiskapshus Gbr 104/1
DS 77/18	Løyve til tiltak, tilbygg gbr 128/1

PS 43/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var 25 møtande ved møtestart.

Johanna Thorkildsen frå kulturskulen spelte to melodiar på fiolin, saman med lærar Inna Svensen.

Sølvi Dimmen møtte kl. 14.05.

Ivar Otto Kristiansen orienterte om Volda Skisenter.

Innkalling

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publisert på heimesida den 19.04.2018.

Møtet vart annonsert i «Møre» den 21.04.2018.

Røysting innkalling:

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

Sakliste

Ordføraren kom med framlegg om å utsette sak 45/18 og 47/18.

Det vart samrøystes vedteke å utsette sakene.

Ordføraren kom med framlegg om å dele sak 62/18 opp i to separate saker, slik at fritak for politisk verv vert sak 62/18 og val av nye medlemmer i Fride Sortehaug sine verv i nemnder og utval vert sak PS 66/18.



VOLDA KOMMUNE

Gunnar Strøm viste til FO 4/18 og informerte om feil i nummereringa av saklista.

Gunnar Strøm informerte om Dokumentarfilmfestivalen, og delte ut program til kommunestyremedlemmene.

Sindre Kvangarsnes reiste spørsmål om når det vert streaming av kommunestyremøta. Rådmannen informerte om at det snart vert lagt fram politisk sak om val av løysing og finansiering.

Rebecca Riise Bjerknes viste til mangel på varamedlemer i tenesteutval for oppvekst og kultur og oppmoda kommunestyret til å handsame sak om fritak for Siril Bratten og val av nytt varamedlem.

Ordføraren informerte om at Rune Sæbønes vil halde ei kort orientering om Bygdepride Ørsta/Volda.

Røysting sakliste:

Saklista, med endringar og tillegg, frå ordføraren og Rebecca Riise Bjerknes vart samrøystes godkjent.

PS 44/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 22. mars 2018, vart samrøystes godkjent.

PS 46/18 PlanID 2016010 - Plan for Studentbustader på Langvatn/Heltne - Gbr 20/334 Slutthandsaming av plan, jf. PBL §12-12

Tilråding i formannskapet - 04.04.2018 til kommunestyret:

Detaljreguleringsplan for - Studentbustader på Langvatn/Heltne-plan ID 1519-2016010 , slik det går fram av plankart og føresegner sist datert 13.03.2018, vert godkjent i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12.

Handsaming:

Per Heltne møtte og orienterte om planarbeidet.



VOLDA KOMMUNE

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 26.04.2018:

Detaljreguleringsplan for - Studentbustader på Langvatn/Heltne-plan ID 1519-2016010 , slik det går fram av plankart og føresegner sist datert 13.03.2018, vert godkjent i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12.

PS 48/18 Bygningsmiljø og estetisk rettleiar - vedtak

Tilråding i formannskapet - 17.04.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret tek dokumentet «Bygningsmiljø og estetisk rettleiar Volda sentrum», datert 15.02.2018 til vitende, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel 2018–2030.

Formannsskapet viser til forslag til ny avgrensing for området i kap. 6.1 Halkjelsvika og forslag reist av representanten Erlend Krumsvik i kommunestyremøtet 22.3. Kartutsnitta i denne rettleiaren er ikkje juridisk bindande, og meir nøyaktige områdeavgrensingar med føresegner må fastsettast og vedtakast juridisk i kommuneplanen sin arealdel. Formannsskapet ber om at desse innspela blir grundig vurdert i samband med det vidare arealplanarbeidet.

Handsaming:

Kari Hasle reiste spørsmål om habilitet, ho har som polititar vore med å utarbeide planen. Jf fvl. § 6. 2. ledd. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Kari Hasle vart samrøystes kjent habil og ho tok sete.

Sakshandsamar Regine Solberg Aklestad orienterte.

Roald Espset, Volda FrP, kom med slikt framlegg:

Fjerne punkta. Side 29 i dokumentet.

- Farge på hus skal godkjennast av bygningsrådet
- Bygningsrådet skal sjå til at gjerde mot gate vert mest mogleg einsarta for alle tomter langs ein vegstrekning

Anne Lise Fredly kom med slikt framlegg:

Dokumentet, Bygningsmiljø og estetisk rettleiar for Volda sentrum skal trykkast opp, slik at den kan delast ut og brukast av polititarar, utbyggjarar, publikum og andre interesserte.



VOLDA KOMMUNE

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.
Framlegget frå Roald Espset vart samrøystes vedteke.
Framlegget frå Anne Lise Fredly vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 26.04.2018:

Kommunestyret tek dokumentet «Bygningsmiljø og estetisk rettleiar Volda sentrum», datert 15.02.2018 til vitende, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel 2018–2030.

Formannskapet viser til forslag til ny avgrensing for området i kap. 6.1 Halkjelsvika og forslag reist av representanten Erlend Krumsvik i kommunestyremøtet 22.3. Kartutsnitt i denne rettleiar er ikkje juridisk bindande, og meir nøyaktige områdeavgrensingar med føresegner må fastsettast og vedtakast juridisk i kommuneplanen sin arealdel. Formannskapet ber om at desse innspela blir grundig vurdert i samband med det vidare arealplanarbeidet.

Fjerne punkta. Side 29 i dokumentet.

- Farge på hus skal godkjennast av bygningsrådet
- Bygningsrådet skal sjå til at gjerde mot gate vert mest mogleg einsarta for alle tomter langs ein vegstrekning

Dokumentet, Bygningsmiljø og estetisk rettleiar for Volda sentrum skal trykkast opp, slik at den kan delast ut og brukast av politikarar, utbyggerar, publikum og andre interesserte.

Vara Kari Hasle gjekk kl. 15:30 og Åshild Vik tok sete.

OS 27/18 Bygdepride Ørsta/Volda

Handsaming:

Rune Sæbønes orienterte om Bygdepride Ørsta/Volda, som vert arrangert 10-12. mai. Sæbønes inviterte kommunestyremedlemmene til å stille som vakt på arrangementet.

PS 49/18 Flytting av ungdomssteget ved Austefjord skule

Handsaming:

Tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 11.04.2018 til Kommunestyret

1. Ungdomssteget ved Austefjord skule vert flytta til Volda ungdomsskule frå 01.08.2018.



VOLDA KOMMUNE

- 2. Kommunestyret ønskjer ein mest mogleg optimalisert skyss for elevane i Austeffjord, og ber difor administrasjonen om å bestille alternativ 3 som vist til i saksutgreiinga, som skyssalternativ i møte med fylkeskommunen.*

Henning Holsvik kom med slikt framlegg:

Endre dato: frå 01.08.2018 til 01.08.2020.

Røysting (26 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå tenesteutval for oppvekst og kultur punkt 1 og framlegget frå Henning Holsvik. Tiltrådinga frå tenesteutval for oppvekst og kultur fekk 25 røyster og vart vedteken, ein røyta imot.

Punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 26.04.2018

- 1. Ungdomssteget ved Austeffjord skule vert flytta til Volda ungdomsskule frå 01.08.2018.*
- 2. Kommunestyret ønskjer ein mest mogleg optimalisert skyss for elevane i Austeffjord, og ber difor administrasjonen om å bestille alternativ 3 som vist til i saksutgreiinga, som skyssalternativ i møte med fylkeskommunen.*

PS 50/18 Mork skule - innbyggjarforslag om å rive gamleskulen

Tiltråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 11.04.2018 til Kommunestyret

- 1. Kommunestyret syner til saksutgreiinga og finn ikkje å kunne imøtekomme framlegget frå FAU ved Mork skule om å rive gamleskulen og bygge ny skule med oppstart desember 2018.*
- 2. Kommunestyret tek grunngevingane frå FAU om ny skule på Mork til vitende, og vurderer dette nærare i framtidig økonomiplansamanheng.*
- 3. Kommunestyret ber om at det blir fremja sak vedkomande godkjenningssstatus for Mork skule etter Forskrift om miljøretta helsevern for barnehagar og skular.*



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Arild Iversen, Krf, kom med slikt framlegg til nytt punkt 2:

Kommunestyret ber rådmannen på nytt vurdere behovet for nytt skulebygg på Mork i samband med komande budsjett og økonomiplan.

Sindre Kvangarsnes, Volda FrP, kom med slikt framlegg til nytt punkt 4:

*Kommunestyret er innstilte på at ein alt i samband med vedtak om revidering av økonomiplanen i desember 2018, set av naudsynte midlar til planlegging av ny skule for Mork.
Volda FrP*

Rebecca Riise Bjerknes, Volda Sp, kom med slikt framlegg til nytt punkt 2:

Kommunestyret tek grunngevningane frå FAU til vitande og er opptekne av at vekst i bygda skal møtast med auka innsats. Mork /Egset er ein del av kommunen med stort potensiale for vekst. Kommunestyret vurderer løysinga med skulemodular på Mork til å støtte dagens behov, men ber administrasjonen om ny sak om skule på Mork på når arealdelen i kommuneplanen er ferdig handsama.

Det vart halde gruppemøte.

Arild Iversen trekte framlegget sitt og kom med slikt alternativt framlegg til punkt 2, på vegne av Krf, Frp og Sp:

Kommunestyret ber rådmannen på nytt vurdere behovet for nytt skulebygg på Mork i samband med komande budsjett og økonomiplan og kommuneplanen sin arealdel.

Sindre Kvangarsnes trekte framlegget sitt.
Rebecca Riise Bjerknes trekte framlegget sitt.

Røysting (26 røysteføre):

Punkt 1 i tilrådinga frå tenesteutval for oppvekst og kultur vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 - Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå tenesteutval for oppvekst og kultur og framlegget frå Krf, Frp og Sp. Framlegget frå Krf, Frp og Sp vart samrøystes vedteke.

Punkt 3 i tilrådinga frå tenesteutval for oppvekst og kultur vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 26.04.2018:

- 1. Kommunestyret syner til saksutgreiinga og finn ikkje å kunne imøtekomme framlegget frå FAU ved Mork skule om å rive gamleskolen og bygge ny skule med oppstart desember 2018.***



VOLDA KOMMUNE

- 2. Kommunestyret ber rådmannen på nytt vurdere behovet for nytt skulebygg på Mork i samband med komande budsjett og økonomiplan og kommuneplanen sin arealdel.*
- 3. Kommunestyret ber om at det blir fremja sak vedkomande godkjenningstatus for Mork skule etter Forskrift om miljøretta helsevern for barnehagar og skular.*

PS 51/18 Utbygging av breiband i Volda kommune

Tilråding i formannskapet - 17.04.2018 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret sluttar seg til at det vert søkt om NKOM-midlar for å få fram breibandsinfrastruktur til private og verksemde i bygdene*
 - Nordsida av Austefjorden og Kalvatn (langs E39)*
 - Folkestad*
 - Dravlaus*
- 2. Det vert løyvd kr 200 000 i eigenandel til prosjekta med dekning frå bruk av ubunde kapitalfond. Dersom det vert gitt tilsagn om tilskot frå NKOM vert det lagt fram eiga sak om nærmare utbygging, kostnadar, finansiering og organisering av opplegg med omsyn til privat utbygging av breiband til private og verksemder i desse bygdene*

Handsaming:

Odd Harald Sundal, Volda Sp, kom med slikt framlegg til nytt punkt 3:

Utbygging av breiband er kostbart og må sjåast på som ei etappevis utbygging. Kommunestyret ber difor administrasjonen om å syte for at arbeidet med utbygging av tilfredsstillande breibanddekning i alle dei kvite områda (Dalsfjorden, Velsvika, Tilset, Lid/Bjerknes, Høydalen og Sunndalen) held fram.

Edvin Dale, Volda Frp, kom med slikt framlegg:

Tilleggsunderpunkt til punkt 1

- Lauvstad*
- Velsvik*

Tilleggspunkt 3

Volda kommune tek sikte på å ha bygd ut høgastighets nternett til alle innbyggjarar i kommunen innan 5år.

Det vart halde gruppemøte.

Odd Harald Sundal og Edvin Dale trekte framlegga sine.



VOLDA KOMMUNE

Odd Harald Sundal kom med slikt framlegg til nytt punkt 3, på vegne av Volda Sp og Volda Frp:

Utbygging av breiband er kostbart og må sjåast på som ei etappevis utbygging. Kommunestyret ber difor administrasjonen om å syte for at arbeidet med utbygging av tilfredsstillande breibanddekning i alle dei kvite områda med målsetjing om ferdigstilling innan 5 år.

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå Volda Sp og Volda Frp om nytt punkt 3 fekk 22 røyster og vart vedteke, 4 røysta imot.

Vedtak i kommunestyret - 26.04.2018:

- 1. Kommunestyret sluttar seg til at det vert søkt om NKOM-midlar for å få fram breibandsinfrastruktur til private og verksemde i bygdene***
 - Nordsida av Austefjorden og Kalvatn (langs E39)*
 - Folkestad*
 - Dravlaus*
- 2. Det vert løyvd kr 200 000 i eigenandel til prosjekta med dekning frå bruk av ubunde kapitalfond. Dersom det vert gitt tilsagn om tilskot frå NKOM vert det lagt fram eiga sak om nærmare utbygging, kostnader, finansiering og organisering av opplegg med omsyn til privat utbygging av breiband til private og verksemder i desse bygdene***
- 3. Utbygging av breiband er kostbart og må sjåast på som ei etappevis utbygging. Kommunestyret ber difor administrasjonen om å syte for at arbeidet med utbygging av tilfredsstillande breibanddekning i alle dei kvite områda med målsetjing om ferdigstilling innan 5 år.***

PS 52/18 Nytt reinseanlegg Volda sentrum og Mork/Egset

Tilråding i formannskapet - 17.04.2018 til kommunestyret:

- 1. Kommunen gjennomfører ei mellombels oppgradering av Vikeneset innanfor dei rammer som er vedtatt i budsjettet for avløp i 2018.*
- 2. Administrasjonen detaljprosjektera eit reinseanlegg/slamanlegg for Mork/Furene/Ekset og får dette kostnadsrekna. Detaljprosjektert tiltak med kostnad leggjast fram for kommunestyret for godkjenning.*
- 3. Administrasjonen detaljprosjektere og kostnadsreknar avløpsreinseanlegg på Klippa. Detaljprosjektert tiltak med kostnad skal leggjast fram for kommunestyret for godkjenning*



VOLDA KOMMUNE

- 4. Administrasjonen avklarar avkjøringa på Klippa med Vegvesenet.*
- 5. Det vert oppstarta regulering av området ved Klippa for reinseanlegg.*

Administrasjonen arbeidar parallelt med å skaffe avtale om grunn med grunneigarar

Handsaming:

Volda Høgre, v/Dan Helge Bjørneset, kom med slikt framlegg til nytt punkt 3 og 4:

Stryk punkt 3, 4 og 5.

Nytt punkt 3.

Kommunestyret tek konsulentrapportar vedk. nytt reinseanlegg på Klippa til vitende. Ein finn det difor ikkje tilrådeleg å gå vidare med ytterlegare planlegging av nytt reinseanlegg på Klippa.

Nytt punkt 4.

Kommunestyret ber administrasjonen om å utgreie nye moglegheiter for utviding av arealet til nytt reinseanlegg for Volda sentrum på Vikeneset.

Odd A. Folkestad, Frp, kom med slikt alternativt framlegg til punkt 1:

- 1. A. Kommunen gjennomfører ei mellombels oppgradering av Vikeneset innanfor dei rammer som er vedtekne i budsjettet for avløp i 2018.*
- 1. B. Administrasjonen detaljprosjekterer og kostnadsreknar kva investeringar som må gjerast på Vikeneset for at dette kan behaldast som framtidig hovedreanseanlegg. Utgreiinga vert å leggje fram for kommunestyret straks den ligg føre. Denne kommunestyrehandsaminga skal gjerast før ein eventuelt set i gang utgreiingar av andre alternativ.*

Øyvind Festø (Mdg) kom med framlegg om å utsette saka.

Margrete Bjerkvik, Krf, kom med framlegg om at Krf står som forslagsstillar saman med Høgre og Frp.

Øyvind Festø trekte utsettingsframlegget.

Ordføraren kom med slikt alternativt framlegg til punkt 3,4 og 5:

Kommunestyret ber formannskapet om å avklare vidare saksgang for reanseanlegg i sentrum.

Dan Helge Bjørneset trekte framlegget sitt.

Odd A. Folkestad trekte framlegget sitt.



VOLDA KOMMUNE

Røysting (26 røysteføre):

Punkt 1 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå formannskapet punkt 3,4 og 5 og framlegget frå ordføraren. Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 26.04.2018:

- 1. Kommunen gjennomfører ei mellombels oppgradering av Vikeneset innanfor dei rammer som er vedtatt i budsjettet for avløp i 2018.*
- 2. Administrasjonen detaljprosjektera eit reinseanlegg/slamanlegg for Mork/Furene/Ekset og får dette kostnadsrekna. Detaljprosjektert tiltak med kostnad leggjast fram for kommunestyret for godkjenning.*
- 3. Kommunestyret ber formannskapet om å avklare vidare saksgang for renseanlegg i sentrum.*

PS 53/18 Tilleggsøyving til Avbøtande tiltak i Raudemyrvegen i Høve utbygging av Håmyra bustadfelt.

Tilråding i formannskapet - 17.04.2018 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret løyver Kr 750.000,- til avbøtande tiltak i Raudemyrvegen tilført vegdrift frå ubunde driftsfond.*

Handsaming:

Teknisk sjef, Rune Totland, orienterte.

Volda Framstegsparti v/Odd A. Folkestad, kom med slikt oversendingsframlegg til administrasjonen:

- 2. Det vert straks innkalla til eit ope informasjonsmøte der det vert gjort greie for status og vidare framdriftsplan i saka. Her vil m.a. følgjande bli teke opp frå kommunen si side:*

Ulempene er mykje større enn nokon kunne frykte, og dette må ein straks få gjort noko med.

Korleis kommunen vil rette opp skadar som den enkelte eigedom har fått (om avtalar med kvar einskild eigar).

Korleis framdrifta vil bli til ein har fått på plass avlastningstiltak.



VOLDA KOMMUNE

Frå kommunen si side stiller følgjande: ordføraren, rådmannen og leiar for teknisk sektor.

3. Volda kommunestyre ser ellers situasjonen for området vidare slik:

Pga stor aktivitet no og i åra framover er det store ulemper med berre ein veg inn/ut av anleggsområdet og for kommande bustadar i Håmyra. Vegbana blir nedslitt og naboar får mange ulemper. Volda kommune har vedteke utbygginga før infrastrukturen/sambindingsvegen for øvrig er på plass.

Anleggsmaskiner og rigg er i arbeid med den delan av sambindingsvegen som ligg innanfor Håmyrfeltet, og denne kapasiteten bør utnyttast til straks å vidareføre utbygginga vestover forbi Urbakkfoten.

Volda kommune framskundar arbeidet med å realisere sambindingsvegen, slik det er planlagt i kommuneplanen.

Kommunestyret ber om at det blir lagt fram ei sak om dette som kan handsamast seinast i k.styremøtet i juni månad 2018.

Røysting (26 røysteføre):

Oversendingsframlegget frå Volda Frp til administrasjonen, vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 26.04.2018:

- 1. Kommunestyret løyver Kr 750.000,- til avbøtande tiltak i Raudemyrvegen tilført vegdrift frå ubunde driftsfond.*

Oversendingsframlegget frå kommunestyret 26.04.2018 til administrasjonen:

1. Det vert straks innkalla til eit ope informasjonsmøte der det vert gjort greie for status og vidare framdriftsplan i saka. Her vil m.a. følgjande bli teke opp frå kommunen si side:

Ulempene er mykje større enn nokon kunne frykte, og dette må ein straks få gjort noko med.

Korleis kommunen vil rette opp skadar som den enkelte eigedom har fått (om avtalar med kvar einskild eigar).

Korleis framdrifta vil bli til ein har fått på plass avlastningstiltak.

Frå kommunen si side stiller følgjande: ordføraren, rådmannen og leiar for teknisk sektor.

2. Volda kommunestyre ser ellers situasjonen for området vidare slik:

Pga stor aktivitet no og i åra framover er det store ulemper med berre ein veg inn/ut av anleggsområdet og for kommande bustadar i Håmyra. Vegbana blir nedslitt og naboar får



VOLDA KOMMUNE

mange ulemper. Volda kommune har vedteke utbygginga før infrastrukturen/sambindingsvegen for øvrig er på plass.

Anleggsmaskiner og rigg er i arbeid med den delen av sambindingsvegen som ligg innanfor Håmyrfeltet, og denne kapasiteten bør utnyttast til straks å vidareføre utbygginga vestover forbi Urbakkfoten.

Volda kommune framskandar arbeidet med å realisere sambindingsvegen, slik det er planlagt i kommuneplanen.

Kommunestyret ber om at det blir lagt fram ei sak om dette som kan handsamast seinast i k.styremøtet i juni månad 2018.

PS 54/18 Utbyggingsavtale for Strand bustadfelt - Fjordbygg AS

Tilråding i formannskapet - 17.04.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner vedlagte utkast til utbyggingsavtale mellom Volda kommune og Fjordbygg AS for bygging av Strand bustadfelt, datert 09.04.2018.

Handsaming:

Øyvind Festø, MDG, kom med slikt oversendingsframlegg til administrasjonen:

Kommunestyret ber om at ulike løysingar for stenging av gjennomgangstrafikken i Gamlevegen skal vurderast i samband med komande trafikktryggingsplan.

Røysting (26 røysteføre):

Oversendingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken

Vedtak i kommunestyret - 26.04.2018:

Kommunestyret godkjenner vedlagte utkast til utbyggingsavtale mellom Volda kommune og Fjordbygg AS for bygging av Strand bustadfelt, datert 09.04.2018.

Oversending frå kommunestyret 26.04.2018 til administrasjonen:

Kommunestyret ber om at ulike løysingar for stenging av gjennomgangstrafikken i Gamlevegen skal vurderast i samband med komande trafikktryggingsplan.



PS 55/18 Haslevegen 3 - kjøp av eidegom

Tilråding i formannskapet - 04.04.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret syner til formannskapet sitt vedtak i PS-sak 49/18, og vedtek å kjøpe eidegomen Haslevegen 3, gnr. 118, bnr. 18 i Volda kommune for ein kjøpesum stor kr. 7.100.000,-. I tillegg kjem kostnader knytt til kjøpet.

Kjøpet vert å finansiere med låneopptak og rådmannen får fullmakt til å korrigere investeringsbudsjettet for 2018 i samsvar med vedtaket.

Handsaming:

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 26.04.2018:

Kommunestyret syner til formannskapet sitt vedtak i PS-sak 49/18, og vedtek å kjøpe eidegomen Haslevegen 3, gnr. 118, bnr. 18 i Volda kommune for ein kjøpesum stor kr. 7.100.000,-. I tillegg kjem kostnader knytt til kjøpet.

Kjøpet vert å finansiere med låneopptak og rådmannen får fullmakt til å korrigere investeringsbudsjettet for 2018 i samsvar med vedtaket.

PS 56/18 Overføring av investeringar frå 2017 til 2018

Tilråding i formannskapet - 17.04.2018 til kommunestyret:

Volda kommunestyre godkjenner overføringar av investeringsprosjekt frå 2017 til 2018 slik det går fram av tabell i saksframlegget. Samla netto investeringsramme utgjer kr. 55 328 794 og vert finansiert med låneopptak.

Handsaming:

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i kommunestyret - 26.04.2018:

Volda kommunestyre godkjenner overføringar av investeringsprosjekt frå 2017 til 2018 slik det går fram av tabell i saksframlegget. Samla netto investeringsramme utgjer kr. 55 328 794 og vert finansiert med låneopptak.

PS 57/18 Startlån 2018 - opptak av lån

Tilråding i formannskapet - 17.04.2018 til kommunestyret:

Volda kommunestyre godkjenner låneopptak knytt til startlånsmidlar i Husbanken pålydande 5 million kroner for år 2018.

Handsaming:

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 26.04.2018:

Volda kommunestyre godkjenner låneopptak knytt til startlånsmidlar i Husbanken pålydande 5 million kroner for år 2018.

PS 58/18 Årsmelding og skatterekneskap for 2017

Tilråding i formannskapet - 04.04.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret tek årsmelding og skatterekneskapen for 2017 til vitende.

Handsaming:

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i kommunestyret - 26.04.2018:

Kommunestyret tek årsmelding og skatterekneskapen for 2017 til vitende.

PS 59/18 Årsmelding for kontrollutvalet for 2017

Kontrollutvalet si tilråding:

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2017 til vitende.

Handsaming:

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 26.04.2018

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2017 til vitende.

PS 60/18 Rapportering på oppfølging av vedtak pr. 31.03.2018

Tilråding i formannskapet - 17.04.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.03.2018 til vitende.

Handsaming:

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 26.04.2018:

Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.03.2018 til vitende.



VOLDA KOMMUNE

PS 61/18 Sunnmøre Kulturnæringshage - Tilskot til etablering av Smia utvikling.

Tilråding i formannskapet - 17.04.2018 til kommunestyret:

- 1. Volda kommune sluttar seg til konklusjonar og tilrådingar som kjem fram i rapporten «Ny næring på gamle tufter».*
- 2. Volda kommune yter tilskot til Sunnmøre kulturnæringshage på kr. 435.000,- for 2018 og kr. 834.000,- for 2019 til prosjekt «Smia utvikling».*
- 3. Løyvinga vert å dekke over disposisjonsfond for Volda kommune.*
- 4. Hornindal kommune stiller gratis kontorstad på kommunehuset til disposisjon for Smia utvikling.*
- 5. Volda kommune føreset at Hornindal kommune yter sin del av tilskotet.*

Handsaming:

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet, han er styremedlem i Sunnmøre kulturnæringshage, jf. fvl. § 6, 1. ledd, e. nr.2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Gunnar Strøm reiste spørsmål om habilitet, han er vara til styremedlem Odd A. Folkestad i Sunnmøre kulturnæringshage, jf. fvl. § 6, 1. ledd, e. nr.2. Gunnar Strøm har ikkje delteke i handsaminga av saka i Sunnmøre kulturnæringshage. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent inhabil.

Gunnar Strøm vart samrøystes kjent habil og han tok sete.

Røysting (25 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 26.04.2018:

- 1. Volda kommune sluttar seg til konklusjonar og tilrådingar som kjem fram i rapporten «Ny næring på gamle tufter».*
- 2. Volda kommune yter tilskot til Sunnmøre kulturnæringshage på kr. 435.000,- for 2018 og kr. 834.000,- for 2019 til prosjekt «Smia utvikling».*
- 3. Løyvinga vert å dekke over disposisjonsfond for Volda kommune.*



VOLDA KOMMUNE

4. Hornindal kommune stiller gratis kontorstad på kommunehuset til disposisjon for Smia utvikling.

5. Volda kommune foreset at Hornindal kommune yter sin del av tilskotet.

PS 62/18 Fride Sortehaug - fritak frå politiske verv

Tilråding i valnemnda - 26.04.2018 til kommunestyret

1. Kommunestyret viser til e-post av 19.3.2018 der Fride Sortehaug seier frå om at ho søker om fritak frå sine politiske verv frå 1. mai 2018 på grunn av foreldrepermisjon og flytting frå kommunen. Ho har følgjande verv: Medlem i formannskapet og varaordførar, medlem i kommunestyret, nestleiar i valstyret, medlem i valnemnda, medlem i administrasjonsutvalet, medlem i destinasjon Volda, medlem i styringsgruppa for Mellom bygningane i Volda, medlem i fellesnemnda for Nye Volda kommune, varamedlem i partsamansett utval - fellesnemnda

Handsaming:

Fride Sortehaug reiste spørsmål om habilitet, som part i saka, jf. fvl. § 6, 1. ledd. a. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Fride Sortehaug vart samrøystes kjent inhabil.

Røysting (25 røysteføre):

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 26.04.2018:

Kommunestyret viser til e-post av 19.3.2018 der Fride Sortehaug seier frå om at ho søker om fritak frå sine politiske verv frå 1. mai 2018 på grunn av foreldrepermisjon og flytting frå kommunen. Ho har følgjande verv: Medlem i formannskapet og varaordførar, medlem i kommunestyret, nestleiar i valstyret, medlem i valnemnda, medlem i administrasjonsutvalet, medlem i destinasjon Volda, medlem i styringsgruppa for Mellom bygningane i Volda, medlem i fellesnemnda for Nye Volda kommune, varamedlem i partsamansett utval - fellesnemnda

Fride Sortehaug tok sete.



VOLDA KOMMUNE

PS 66/18 Val av nye medlemmer i Fride Sortehaug sine verv i nemnder og utval

2. går inn som fast medlem for dei Raud/grøne i formannskapet.

3. Som ny varaordfører vert valt.

4. Kommunestyret godkjenner følgjande endringar i representasjon i andre nemnder og utval som Fride Sortehaug går ut av:

Som nestleiar i administrasjonsutvalet vert valt.

Som medlem i valnemnda vert valt.

Som medlem i destinasjon Volda vert valt.

Som medlem i styringsgruppa for Mellom bygningane i Volda vert valt.

Som medlem i fellesnemnda for Nye Volda kommune vert valt.

Som varamedlem i partsamansett utval – fellesnemnda vert valt.

Handsaming:

Røysting (26 og 25 røysteføre):

Punkt 2 (nytt punkt 1) - Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

Punkt 3 (nytt punkt 2)

Margrete Bjerkvik kom med framlegg om Sølvi Dimmen som varaordfører og om skrifteleg røysting.

Skrifteleg røysting:

Sølvi Dimmen fekk 15 røytster og vart valt til varaordfører,

Odd Harald Sundal fekk 10 røyster,

Ein røysta blankt.

Fride Sortehaug kom med framlegg om Sølvi Dimmen som nestleiar i administrasjonsutvalet.

Ordføraren kom med framlegg om å sende saka attende til valnemdna for handsaming av punkt 4 (nytt punkt 3).

Det vart halde møte i valnemnda.

Eivind Indresøvde gjekk kl. 19.25, det var 25 røysteføre under handsaminga av saka.

Punkt 4 (nytt punkt 3)

Benedikte Holmberg vart samrøystes valt som medlem i valnemnda, Idar Flo vart samrøystes valt som varamedlem.



VOLDA KOMMUNE

Benedikte Holmberg vart samrøystes valt som medlem i styringsgruppa for Mellom bygningane i Volda.

Sølvi Dimmen vart samrøystes valt som nestleiar i administrasjonsutvalet.

Sølvi Dimmen vart samrøystes valt som varamedlem i partsamansett utval – fellesnemnda.

Sølvi Dimmen vart samrøystes valt som medlem i fellesnemnda.

Vedtak i kommunestyret - 26.04.2018

- 1. Benedikte Holmberg går inn som fast medlem for dei Raud/grøne i formannskapet, Idar Flo som varamedlem..*
- 2. Som ny varaordfører vert Sølvi Dimmen valt.*
- 3. Kommunestyret godkjenner følgjande endringar i representasjon i andre nemnder og utval som Fride Sortehaug går ut av:
Som nestleiar i administrasjonsutvalet vert Sølvi Dimmen valt.
Som medlem i valnemnda vert Benedikte Holmberg valt og Idar Flo som vara.
Som medlem i styringsgruppa for Mellom bygningane i Volda vert Benedikte Holmberg valt.
Som medlem i fellesnemnda for Nye Volda kommune vert Sølvi Dimmen valt.
Som varamedlem i partsamansett utval – fellesnemnda vert Sølvi Dimmen valt.*



VOLDA KOMMUNE

Grunngeve spørsmål - interpellasjon

FO 5/18 Interpellasjon: Boikott av varer og tenester produsert i okkuperte område

Eivind Indresøvde møtte kl. 19.30, det var 26 røystefore.

Uthman Harbid la fram interpellasjonen på vegne av AP og SV. Kommunestyret drøfta saka.

Røysting over realitetshandsaming:

13 røysta for og 13 røysta imot. Saka vart ikkje realitetshandsama i kommunestyret.

FO 6/18 Interpellasjon - Hurtigladestasjon i Volda sentrum

Handsaming:

Sølvi Dimmen la fram interpellasjonen på vegne av Volda SP, Volda SV og MDG.

Sølvi Dimmen trekte framlegg til vedtak, og kom med slikt revidert framlegg:

Volda kommune vil ta initiativ til å etablere hurtigladestasjon i Volda sentrum og søker etter aktørar som vil kan stå for tiltaket med støtte frå kommunen. Volda kommune vil hjelpe til med tilrettelegging, søknad til Enova m.m

Røysting over realitetshandsaming:

Det vart samrøystes vedteke å handsame saka.

Røysting (26 røystefore):

Framlegg til vedtak frå Volda SP, Volda SV og MDG vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 26.04.2018:

Volda kommune vil ta initiativ til å etablere hurtigladestasjon i Volda sentrum og søker etter aktørar som vil kan stå for tiltaket med støtte frå kommunen. Volda kommune vil hjelpe til med tilrettelegging, søknad til Enova m.m

PS 65/18 Val av to meddommerar Frostating lagmannsrett

Tilråding i valnemnda - 01.03.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret vel følgjande meddommarar til Frostating lagmannsrett:

- 1. Hogne Kvangarsnes*
- 2. Karl Anders Helset*



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 26.04.2018:

Kommunestyret vel følgjande meddommarar til Frostating lagmannsrett:

- 1. Hogne Kvangarsnes*
- 2. Karl Anders Helset*

PS 63/18 Orienteringssaker

Det var ingen merknader til orienteringssakene.

OS 22/18 Faktaanalyse 2018 status, utfordringar, tiltaksplan på busetjings- og integreringsfeltet i Volda kommune

OS 23/18 Møteprotokoll frå felles kontrollutvalsmøte med kontrollutvalet i Hornindal 12.03.2018

OS 24/18 Møteprotokoll kontrollutvalsmøte 31.01.2018 - Utskrift til kommunestyret

OS 25/18 Møteprotokoll kontrollutvalsmøte 12.03.2018

OS 26/18 Sunnmøre regionråd - referat frå nettverksmøte i Folkevaltnettverket 04.04.18

PS 64/18 Delegerte saker frå avdelingane

Det var ingen merknader til dei delegerte sakene frå avdelingane.

Møtet slutt kl. 20.20



VOLDA KOMMUNE

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
27.04.2018

Sonja Håvik
førstekonsulent